



**Årsmøte**  
**Valldal Idrettslag**  
**10. juni 2020**

## Sakliste –

1. Godkjenne stemmerett til dei frammøtte  
For å ha stemmerett på årsmøte må ein
  - vere fylle 15 år i kalenderåret
  - vore medlem i idrettslaget minst ein månad
2. Godkjenne innkalling og sakliste  
Årsmøte har vore kunngjort på Valldal IL si nettside og i Storfjordnytt
3. Konstituering
  - a. Val av ordstyrar
  - b. Val av sekretær
  - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
4. Årsmelding 2019
5. Rekneskap 2019
6. Arbeidsplan 2020
7. Budsjett 2020
8. Valldal IL sin organisasjon
9. Medlemskontingent 2020
10. Skiskyttaranlegg- reserveranlegg ski Høghjelle/Grønningsæter
11. Val
  - a. Val av leiar for 1 år
  - b. Val av nestleiar for 2 år
  - c. Val av 1 styremedlem for 2 år
  - d. Val av 2 varamedlemmar for 1 år
  - e. Val av 2 medlemmar til kontrollutval for 2 år
  - f. Val av 1 varamedlem til kontrollutval for 1 år
  - g. Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år
  - h. Val av 2 utsendingar til årsmøtet i Fjord Idrettsråd
  - i. Val av gruppestyre

1. Godkjenne stemmerett til dei frammøtte  
For å ha stemmerett på årsmøte må ein
  - vere fylle 15 år i kalenderåret
  - vore medlem i idrettslaget minst ein månad

Ved oppstart av møtet var det 14 frammøtte, og alle har stemmerett. Under sak 4 kom det tre personar i tillegg. Alle har stemmerett.

2. Godkjenne innkalling og sakliste  
Årsmøte har vore kunngjort på Valldal IL si nettside og i Storfjordnytt

Innkallinga godkjent

3. Konstituering
  - a. Val av ordstyrar – Einar Hoel var vald
  - b. Val av sekretær – Anne Nygård vart vald
  - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok – Tina Fuglem og Per Jomar Nerli vart vald

#### **Sak 4: Årsmelding 2019**

Vedlegg 1: Årsmelding 2019

#### **Vedtak:**

Årsmelding 2019 for Valldal Idrettslag vert godkjent

#### **Sak 5: Rekneskap 2019**

Vedlegg 2: Resultatrekneskap og balanse 2019

#### **Vedtak:**

Rekneskap 2019 for Valldal Idrettslag vert godkjent

#### **Sak 6: Arbeidsplan 2020**

Vedlegg 3: Arbeidsplan 2020

Innspel frå årsmøtet:

VIL må gjere kjent at det er mogleg å få fritak for betaling eller redusert betaling for barn der foreldra har betalingsutfordringar.

Trimgruppa kan arbeide med å få til familietrim i tillegg til fjelltrimmen.

#### **Vedtak:**

Arbeidsplan 2020 for Valldal Idrettslag vert vedteken med dei tillegga som vart sett fram i møtet.

### **Sak 7: Budsjett 2020**

Vedlegg 4: Budsjett 2020

#### **Vedtak:**

Budsjett 2020 for Valldal Idrettslag vert vedteke med den usikkerheit som koronasituasjonen har ført til for laget.

### **Sak 8: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering. Det vert gjort endring med at kontrollutval og utvalet sine hovudoppgåver vert teke inn i planen, vedlegg 5

#### **Vedtak:**

Organisasjonsplan for Valldal idrettslag for 2020 vert vedteken

### **Sak 9: Medlemskontingent**

I samsvar med Lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontingent. Styret innstiller på å reduksjon av alle kontingentgrupper. Det vert innført ei ny kontingentgruppe 18-24 år med same kontingent som barn. Vedtak vil gjelde for medlemskontingent 2020.

#### Noverande kontingent

Barn under 18 år	kr 350
Vaksne 18 år og eldre	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350

Årsmøte skal også fastsette eventuelle treningsavgifter eller gje styret/gruppestyret fullmakt å fastsette dette. Styret foreslår å gje fullmakt til gruppene å fastsette dette.

#### **Vedtak:**

1. Medlemskontingent 2020

Barn under 18 år	kr 200
Ungdom 18-24 år	kr 200
Vaksne 25 år og eldre	kr 400
Familie	kr 600
Pensjonistar	kr 300
2. Den enkelte gruppe får fullmakt å fastsette eventuelle treningsavgifter

### **Sak 10: Skiskyttaranlegg- reserveanlegg ski Høghjelle/Grønningsæter**

Det har tidlegare år vore gjeve informasjon om planar for skiskyttarstadion og reserveløyper og -arena for langrenn på Høghjelle/Grønningsæter. Erfaring frå sist vinter viser at det er nødvendig å ha tilgjengeleg anlegg i snøsikkert område.

Ei eiga arbeidsgruppe har arbeidd med dette og kan presentere status for anlegget så langt.

Status planar pr juni 2020:

- Skiskyttarstadion 15 skiver m/lys
- Asfaltert standplass med mulegheit i "koble saman" med kommunal veg
- Skiløype/turløype 2,5 km m/lys
- Mulegheit for lengre løypenett
- Grunneigarar positive, skal ha skriftlege avtalar som skal tinglysast
- Total kostnad førebels rekna til 3,8 mill kroner
- Tre spelemiddelsøknader aktuelle med følgjande kostnader
  - o Skiskyttarstadion kostnad 1,850 mill kroner
  - o Turløype kostnad 1,020 mill kroner
  - o Lys kostnad 0,920 mill kroner
  - o Kan gje inntil 1,6 mill kroner i spelemidlar
- Finansiering med
  - o Spelemidlar
  - o Kommunalt tilskot
  - o Sponsorar - gåver
  - o Dugnad
  - o Eigenkapital
  - o Mva-kompensasjon (krev mellombels finansiering)

Styret bed om godkjenning for å arbeide vidare med planane, særleg med finansiering. Det er også viktig å utarbeide ein driftsplan for anlegget, då det kan verte skiaktivitet på to ulike område. Det vert også bedt om å kunne utføre arbeid på skiskyttarstadion/løyper for eit beløp på inntil 200.000 kroner i 2020. Dette vil ikkje vere til hinder for seinare spelemiddelsøknader og vil inngå i anlegget sin total kostnad.

#### Vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner førebelse planar for skiskyttaranlegg og reserveanlegg for ski på Høghjelle/Grønningsæter innanfor ein kostnad på inntil 4 mill kroner.
2. Føresett underskrivne grunnavtalar, kan enklare tiltak startast opp i 2020 innanfor ein kostnad på 200.000 kroner. Dette omfattar grøfting av våte parti, planering stadion, voll bak skiver, fundament for skiver og midlertidige skiver.
3. Endelege planar for anlegget med kostnader, finansiering og driftsplan skal leggst fram for godkjenning av ekstraordinært årsmøte før søknadsfrist for spelemidlar i oktober 2020.

#### Sak 11: Val

##### Valnemnda sitt forslag årsmøtet 2020 :

##### Valldal IL - styret

Leiar:	Einar Hoel	2020	(attval)
Nestleiar	Odd Lennart Vikene	2020-2021	(ny)
Styremedlem:	Ellisiv Jarvik	2020-2021	(ny)

Styremedlem: Trond Håvoll	2019-2020	(ikkje på val)
Styremedlem: Anne Nygård	2019-2020	(ikkje på val)

1. varamedlem: Turid Løvoll	2020	(ny)
2. varamedlem: Anne Lene Hjelle	2020	(ny)

Kontrollutval: Reidar Bjørstad	2020-2021	(ny)
Olav Løvoll	2020-2022	(ny)
Varamedlem, kontrollutval: Hegelin Waldal	2020	(ny)

Framlegg til valnemnd:

Anders Rem	2021 -2023	
Dagrun Vikesland	2019-2021	(ikkje på val)
Kåre Erstad	2020-2022	(ikkje på val)

Val av utsending til årsmøtet i Fjord Idrettsråd, 2 personar (1 dame – 1 herre)  
Ellisiv Jarvik og Einar Hoel

#### DiskSPORT-

Leiar	Richard Moen	2020	attval som leiar og styremedlem i Valldal IL
		2020-2021	attval som styremedlem i diskSPORT
Medlem	Henrik Engeseth Andersen	2020-2021	(attval)
Medlem	Terese Jemtegård Moen	2019-2020	(ikkje på val)
Medlem	Hogne Telford Grønningsæter	2019-2020	(ikkje på val )
Medlem	Linda Lødøen	2019-2020	(ikkje på val)

#### Fotballgruppe -

Leiar	Solfrid Fjeldstad	2020	ny leiar, ny styremedlem Valldal IL
		2019-2020	ikkje på val i styret i fotballgruppa
Medlem	Katrine Lianes Gjerde	2020-2021	(ny)
Medlem	Cato Magnus Heggen	2020-2021	(attval)
Medlem	Kjetil Uri	2019-2020	(ikkje på val)
Medlem	Ramona Johnsen Grønmo	2019-2020	(ikkje på val)
1. varamedlem	Eirik Lødøen	2020	(ny)

#### Friidrettsgruppe-

Leiar	Magne Eivind Glomnes	2020	attval som leiar friidrett styremedlem Valldal IL
		2019-2020	ikkje på val som styremedlem i

Medlem	Catrine Berli	2020-2021	friidrettsgruppa (attval)
Medlem	Jacek Wilczura	2020-2021	(attval)
Medlem	Vibeke Valdal Mueza	2019-2020	(ikkje på val)
1. varamedlem	Anne Mette Rem	2020	(attval)
2. varamedlem	Børge Heggen Johansen	2020	(attval)

### Skigruppe-

Leiar	Jan Ole Fuglem	2020	attval som leiar i skigruppa styremedlem Valldal IL
		2020-2021	attval som styremedlem i skigruppa
Medlem	Juliette Bechtold	2020-2021	(attval)
Medlem	Terje Nerhus	2020-2021	(ny)
Medlem	Anne Gry Myklebust Vestre	2019-2020	(ikkje på val)
Medlem	Geir Arne Myren	2019-2020	(ikkje på val)
1. varamedlem	Per Jomar Nerli	2020	(attval)
2. varamedlem	Hans Martin Gjedrem	2020	(attval)

### Trimgruppe-

Medlem	Oddbjørn Myklebust	2020-2021	(ny) leiar i trimgruppa styremedlem i Valldal IL
Medlem	Jürg Barthel	2019-2020	(ikkje på val)
Medlem	Maria Dvergsdal	2020	(attval)
Medlem	Kari Ulvestad	2020-2021	(attval)
Medlem	Øyvør Grue Berdal	2020-2021	(ny)
1. varamedlem	Ivar Hoel	2020	(ny)
2. varamedlem	Anne Merete Øybrekken	2020	(attval)

Tina Fuglem

Tina Fuglem

Per Jomar Nerli

Per Jomar Nerli

